



# Varmeenergi

Her er nokre kvardagsdøme på varmeenergi:



Når du varmar opp mat på komfyren eller i mikrobølgeomnen, overfører du varmeenergi til maten, noko som får han til å bli varm, laga og klar for å etast.

Solstrålane som treffer jorda og ting på jorda, overfører varmeenergi. Det gjer at til dømes bakken, hus, bilar og menneske blir oppvarma. Du har kanskje opplevd å trakke på ein gloheit veg ein sommardag?



Varmeomnar i huset ditt overfører varmeenergi til lufta for å varme opp romma.

Eit klimaanlegg kan fjerne varmeenergi frå eit rom og kjøle det ned.


Klede som ullgenser, vinterjakker og superundertøy er designa for å ikkje sleppe ut varmeenergi frå kroppen din til lufta rundt. Desse kleda fungerer ved å fange luft i små lommer. Dette skaper eit isolerande lag som hjelper til med å halde kroppstemperaturen stabil og hindrar at du mistar varmen.



Når du badar i kaldt vatn, blir det overført varmeenergi frå kroppen din til det kalde vatnet. Dette får kroppstemperaturen til å søkke, og du kan byrje å kjenne deg kald. For å rette opp for varmetapet vil kroppen din prøve å lage meir varme ved å auke stoffskiftet og byrje å skjelve.


Eit kjøleskap fungerer ved å fjerne varmeenergi frå innsida og overføre han til utsida av skapet. Det gjer at det blir kjølig i eit kjøleskap. Denne prosessen blir gjenteken kontinuerleg for å gjere det kaldt i kjøleskapet.






# Varmeenergi

Her er nokre kvardagsdøme på varmeenergi:



Varmeenergi gjer maten varm.

Varmeenergi frå sola gjer jorda varm.



Varmeenergi frå peisen gjer huset varm.


Kleda slepper ikkje varmeenergien ut i lufta.



Kroppen bruker varmeenergi for å varme opp vatnet.

Kjøleskapet trekkjer varmeenergien ut så det blir kaldt i skapet.





# Varmeenergi

Kva teikningar kan vise varmeenergi?

